

# **STRANDA KOMMUNE KONTROLLUTVALET**



Kopi til ordførar, rådmann og revisjon

Medlemane av kontrollutvalet

## **INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

**Måndag 6. september 2021 kl. 16.00, f-salen rådhuset**

### **SAKLISTE:**

- Sak 15/21 Godkjenning av møteboka frå møte i Stranda kontrollutval 14. juni 2021
- Sak 16/21 Meldingar til kontrollutvalet
- Sak 17/21 Etterlevelseskонтroll på sjølvkostområdet ved revisor Kathrin Haram
- Sak 18/21 Forvaltningsrevisjon «Vass og avløpssystemet i Stranda kommune»
- Sak 19/21 Budsjett 2022 Stranda kontrollutval

### **Eventuelt**

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@skiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no).

Helge Kvame  
leiar  
(sign.)

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 15/21

**Møtedato:** 6. september 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 14. JUNI 2021

---

### MØTEBOK

Møtedato 14.06.2021 kl. 16.00  
Møtestad: formannskapssalen, rådhuset

Møtet vart leia av: Helge Kvame  
Elles til stades: Eva Rinde Habostad, Per Ingebrigtsen Karbø, Anne Melgaard Tårn og Vebjørn Skog.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalssekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.  
Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.  
Frå administrasjonen møtte rådmann Åse Elin Hole og økonomisjef Andrea Fivelstad (sistnemnde deltok ved innleiringa av møte). Frå Stranda Hamn KF møtte hamnesjef Rita Berstad Maraak.

Det var ingen merknader til innkalling og saklista blei godkjent. Kontrollutvalet valde å handsame sak 11/21 Meldingar, til slutt på sakslista.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 10/21

**Møtedato:** 14. juni 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 22. MARS 2021**

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møte 7. juni 2021.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 12/21

**Møtedato:** 14. juni 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **RAPPORT ETTER REVISJON VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM**

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 13/21

**Møtedato:** 14. juni 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 STRANDA KOMMUNE

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

### Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

1. Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Stranda kommune.
2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapane og årsmeldingane 2020 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 14/21

**Møtedato:** 14. juni 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## UTTALE OM ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2020 STRANDA HAMN KF

---

Sakspapir frå kontrollutvalssekretariatet datert 7. juni 2021

### Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2020 for Stranda Hamn KF.

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 11/21

**Møtedato:** 14. juni 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

## MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET

**Melding nr. 1** Manglande tillit!

Frå Frank Sve, gruppeleiar Frp

**Melding nr. 2** Dårleg arbeidsmiljø!

Frå Frank Sve, gruppeleiar Frp

**Melding nr. 3** Er det slik vi vil ha det?

Fråsegn frå Stranda AP, Stranda H, Stranda Krf,

Stranda MDG og Stranda SP

Ved innleiinga til handsaminga av meldingane bad dagleg leiar Bjørn Tømmerdal om orsaking for at ikkje sekretariatet hadde bekrefta overfor gruppeleiar Frank Sve å ha motteke meldingane til kontrollutvalet. Dette er sekretariatet pliktig til å gjere og orsakinga vil bli oversendt Frank Sve snarast.

Kontrollutvalet valde å ta meldingane til orientering.

Til melding nr. 1, Manglande tillit og melding nr. 2 Dårleg arbeidsmiljø frå Frank Sve, gruppeleiar, Frp, valde Stranda kontrollutval å uttale følgjande til Stranda kommunestyre:

*Stranda kontrollutval tek meldingane frå Frank Sve og Frp sin kommunestyregruppe på sterkester alvor. Kontrollutvalet kjennar seg ikkje igjen i kritikken frå Frp og meiner at utvalet ved fleire høve har satt fokus på forvaltninga og administrasjonen i kommunen. Dette arbeidet er rapportert tilbake til kommunestyret.*

*Kontrollutvalet minner om at det er kommunestyret som er øvste kontrollorgan i Stranda kommune. Meiner kommunestyret at kontrollutvalet ikkje fungerer etter kommunelova er det berre kommunestyret som kan instruere eller erstatte kontrollutvalet.*

*Kontrollutvalet har merka seg påstandane frå Frp og vil bruke noko meir tid på å vurdere innhalDET i desse. Dette arbeidet vil uansett bli rapportert tilbake til kommunestyret, enten om ein vel å sjå nærmare på dei eller legge dei vekk.*

## Eventuelt:

Rådmann Åse Elin Hole ga kontrollutvalet ei orientering kring arbeidet med internkontroll i Stranda kommune i slutten av møtet. Ho fortalte nærmare om avvik systemet og korleis leiariane handsama avvika.

Vidare fokuserte ho på korleis leiinga handterer prosedyrar og andre tiltak for intern kontroll. Utvalet sine medlemmar fekk høve til å stille spørsmål og diskutere nærmare presentasjonen. Orienteringa var ei oppfylging av kontrollutvalsak 06/21 Kommunal internkontroll.

**Møtet var slutt kl. 18.05**

Helge Kvame  
leiar  
(sign.)

Per Ingebrigt Karbø  
nestleiar  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Anne Melgaard Tårn  
medlem  
(sign.)

Vebjørn Skog  
medlem  
(sign.)

# Stranda kontrollutval



**Saksgang:** kontrollutvalet  
**Saks nr.:** 16/21

**Møtedato:** 6. september 2021  
**Sakshandsamar:** Bjørn Tømmerdal

---

## **MELDINGAR TIL KONTROLLUTVALET**

---

**Melding nr. 1** Varsel om brot på arbeidsmiljøet      Frå Jens Vik, leiar UDF Stranda

**Melding nr. 2** Oppfølging av kommunestyresaker 2018 -2020      Frå rådmann

**Melding nr. 3** Tertialrapport 1. tertial 2021      Frå rådmann



**Ordførar Jan Ove Tryggestad  
Rådmann Åse Elin Hole.**

**VARSLING OM BROT PÅ ARBEIDSMILJØLOVA OG KOMMUNALE  
RETNINGSLINER AV KOMMUNELEIINGA VED RÅDMANN ÅSE ELIN HOLE  
OG KOMMUNALSJEF TONE LILLEBØ.**

Leiar og HTV 2 i UDF Stranda, Jens Vik, meiner at arbeidsmiljøet for tillitsvalte i UDF ikkje oppfyller krava som vert sett i formålsparagrafen Arbeidsmiljølova § 1. 1.a Målet med paragrafen er:

«Å sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger».

Framferda til leiinga har blitt kommunisert gjennom brev og i samtalar. Etter tilbakemeldingane som har kome, har eg inntrykk at leiinga ikkje tek situasjonen på alvor. Det er dokumentert kritikkverdige hendingar, og då må rådmannen svare på om framferda er akseptabel eller om han tek avstand frå det som har skjedd. Hovudpoenget vert at slikt ikkje skal skje i framtida, og at dei tillitsvalte må kunne kome med innspel og kritikk utan at dei vert utsett for personangrep. Arbeidsgjevar vert gjennom dette brevet formelt varsla internt, men med kopi til Arbeidstilsynet. Varslinga er i samsvar med Arbeidsmiljølova § 2A-2 om framgangsmåten for varsling. I intern forskrift i Stranda kommune er det og gitt retnigsliner for handtering av mogleg brot på psykososialt arbeidsmiljø. Dei vart vedteke i PAU 15.12.2017.

Dette ligg til grunn for varslinga:

**A. Omtale av organisasjonen og tillitsvalte.**

UDF har i møte kommunisert at tilsette leiarar omtalar Stranda UDF og tillitsvalte negativt. Desse tilbakemeldingar har kome til UDF spontant frå tidlegare rådmenn, kommunalsjefar, andre leiarar og medlemmar. Meir eller mindre har det vore uttalt ein agenda om «å ta UDF» for å setje dei på plass.

**B. Møtet 18.02.21- Merknad frå forhandlingsutval i UDF Stranda.**

Forhandlingsutvalet til UDF Stranda hadde denne merknaden etter § 7.1 møtet 18.02.21:

**Kommunalsjef Tone Lillebø kom med personleg, negativ karakteristikk til leiar av UDF sitt forhandlingsutval. Ho reiste seg under forhandlingane og truga med å forlate møte. Framferda er i strid med kva som reknast for god forhandlingsskikk. Arbeidsgjevar opptrer i strid med den kommunalt vedtekne verdiplakaten.**

## **C. Om møtet med hovudtillitsvalte 20.03.20.**

HTV i UDF/UNIO sendte merknader etter HTV-møtet 20.03.20 på Teams om Koronapandemien – sitat:

**«Då merksemda, karakteristikkar vart retta mot HTV i UDF/UNIO finn eg det rett å skrive ei tilbakemelding på referatet etter møtet.**

- Kommuneleinga må ta på alvor oppdraget til dei tillitsvalte som er å fremje tilsette si sak, uro, angst. Då kan ikkje leiinga gå til verbale angrep på tillitsvalt slik det vart gjort på sist møte. Ei leiing må tole at det kjem motsegner.
- Samarbeidsproblem i høve leiinga er gjort kjent i brev frå HTV i UDF datert 27. januar. I samband med forhandlingar om løn for leiarar stilte eg spørsmål knytt til små organisasjonar og kor mykje på verknad dei skal ha i eit samarbeid.
- Kommuneleinga la medvite opp til konfrontasjon på møtet. Dei kunne tatt saka direkte opp med meg utanom møtet. Mi eiga vurdering er at leiinga i dette tilfellet nyttar herskarteknikk framfor dialog. Ein finn truleg og formuleringar i Arbeidsmiljølova som seier noko om framferda til leiinga. Då eg var eldst i møtelyden, 63 år, vert det å bli karakterisert som barnsleg meir morosamt enn fornærmande.
- Eg oppmodar leiinga til å evaluere seg sjølv, eiga framferd og kommunikasjon med bakgrunn i kva som skjedde på møtet 20.03.20.»

## **D. Brot på verdidokumentet Stranda kommune – til å vere stolt av.**

UDF kan ikkje sjå at verdiar som omsorg, respekt vert tatt alvorleg av noverande leiinga. Dokumentet er politisk vedteke, og då må politisk leiing syte for at dokumentet vert følgt.

## **E. Trakassering av tillitsvalte i UDF.**

I tillegg til nemnde hendingar, har leiinga og sendt mailar direkte til tillitsvalte med refsande innhald noko som har ført til sjukemelding.

## **F. Involvering i varslingssak under sakshandsaming.**

Under ei samkome på ei eining 18.06.21, kom Rådmannen i flg. informant med leiande spørsmål kring arbeidsmiljøet på den aktuelle eininga. Samstundes arbeider Medi3 med ei varsling knytt til eininga. Varslinga gjeld mellom anna arbeidsmiljøet, og då har arbeidsgjevar gitt ansvaret frå seg i saka. Andre involverte har fått melding om ikkje diskutere og samtale om saka før faktaundersøkinga er ferdig og ein rapport ligg føre.

Varslar, Jens Vik, må få avklart om rådmannen har forstått alvoret i saka. Det er også snakk om eit asymmetrisk maktforhold mellom ein tillitsvalt og rådmann, og der gjer saka meir alvorleg. Varslinga vert sendt ordførar og varaordførar då rådmannen vil vere inhabil i ei faktaundersøking. Varslar har ved fleire høve vore i kontakt med ordførar, men det har ikkje kome initiativ frå leiinga til ei oppklaring i dei ulike hendingane. Det har vore kontakt mellom organisasjonane KS og UDF, men dei har avslått å handsame usemjá. Varslinga gjeld perioden Rådmann har vore tilsett då, Utdanningsforbundet har opplevd ei tydeleg endring i samarbeidsrelasjonane med leiinga.

Hellesylt, 23.06.21

Jens Vik

Leiar UDF Stranda – HTV 2 – varsler.

Kopi: Arbeidstilsynet – post@arbeidstilsynet

## STRANDA KOMMUNE SAKSPAPIR

### SAKSGANG

| Styre, råd, utval | Møte dato  | Saknr  |
|-------------------|------------|--------|
| KOMMUNESTYRET     | 02.06.2021 | 032/21 |

**Saksansvarleg:** Rådmann Åse Elin Hole

**Saksbehandlar:** Åse Elin Hole

**Arkiv:** K1 - 040

**Arkivsaknr** 21/425

### Oppfølging av kommunestylesaker i perioden 2018 – 2020

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek rådmannen sin oversikt over oppfølging av kommunestylesaker i perioden 01.01.2018 – 31.12.2020 til vitande.

#### 02.06.2021 KOMMUNESTYRET

##### Møtebehandling

##### Vedtak samrøystes

##### KOM- 032/21 Vedtak:

Kommunestyret tek rådmannen sin oversikt over oppfølging av kommunestylesaker i perioden 01.01.2018 – 31.12.2020 til orientering.

### SAKSUTGREIING

#### Bakgrunn for saka

Ny kommunelov vart vedteken i juni 2018, og først frå 01.01.2021 gjelde nye reglar for internkontroll regulert i kapittel 25 for kommunane. Etter § 25-1 første og andre ledd skal internkontrollen sikre at lover og forskrifter vert følgde, og internkontrollen skal være systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. I tillegg er det gitt ei lovbestemt plikt til å rapportere til kommunestyret om internkontroll og resultat frå statleg tilsyn minst ein gang i året.

#### Saksopplysningar

Kommunestyret handsama totalt 418 saker i perioden 2018 – 2020. I 2018 125 saker, i 2019 143 saker og i 2020 150 saker.

Kommunen sitt styringsprinsipp bygger på ei ansvarsfordeling mellom dei folkevalde og administrasjonen. Det er dei folkevalde som gjennom sine vedtak bestemmer kva som skal gjerast, medan det er administrasjonen som iverksette vedtaka. Å sikre at kommunestyret sine vedtak blir iverksett er grunnleggande for eit velfungerande lokaldemokrati. For ulike delar av den kommunale

verksemda, finns det ulike former for politiske vedtak. Politiske vedtak dannar grunnlaget for og legitimerer iverksetting av ein bestemt politikk. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følger av lov eller delegeringsvedtak, jfr. kommunelova kapittel 5. Nærmore reglar for saksbehandlinga i folkevalde organ, vert vedteke av kommunestyret sjølv ved reglement.

Begrepet iverksetting kan bli brukt og forstått på fleire ulike måtar. Den mest vanleg måte å forstå omgrepene på er referert til administrasjonen sin evne til gjennomføring og utøving av politiske fatta vedtak. Andre omgrep som vert brukt er implementering og oppfølging. Av dette følger det at det er kommunedirektør/rådmann som har det formelle ansvaret for å sjå til at vedtak fatta i folkevalde organ blir iverksett, og i samsvar med dei instruks som er gitt. Kommunelova fastsett ingen regler for iverksetting av vedtak. Utgangspunktet må då vere at vedtaket blir iverksett så snart som mogeleg, eller innan den fristen som eventuelt er sett av folkevalt organ. Dersom ein frist ikkje følger vedtaket, må det som elles i forvaltinga vere opp til administrasjonen å prioritere innanfor tilgjengelege ressursar. I kommunelova sitt forarbeid går det fram at kommunedirektøren/rådmannen vil vere avhengig av å fordele oppgåver på etatssjefar og andre tenestemenn, men kommunedirektør/rådmannen sitt mynde gjelde framleis fullt ut (NOU:17 1995). Det formelle ansvaret for at vedtaket blir iverksett ligg hjå kommunedirektør/rådmann også i dei tilfelle der iverksetting av vedtak vert delegert til andre i administrasjonen.

Rådmannen la i kommunestyremøte 14.12.2017- fram i sak 109/17 -kvalitet og internkontroll, dokumentet som inneholder retningslinjer for «sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming». Målet med retningslinene er kvalitetssikring av saker, tilstrekkeleg involvering og god saksflyt.

Til dagsorden i kommunestyremøte 28.08.2019, etterlyser kommunestyrerrepresentant Frank Sve ein oversikt over alle behandla saker og status på sakene for heile kommunestyreperioden.

Dei aller fleste saken som har vore til handsaming i kommunestyret er gjennomførte og avslutta. Dette gjelde saker som årsmelding, skjenkesaker og salsløyve, tertialrapportar, søknader om tilskot og budsjettdringar mm.

Saker som tek tid og som krev ein lengre sakshandsamingsprosess er knytt til planarbeid, reguleringsarbeid, utbyggingsavtaler og utgreiingsarbeid i større saker innanfor utbyggingssaker og reguleringssaker. Nokre få av desse sakene er under behandling enten i planutval (PLA) eller i MK (utval for miljø og kommunalteknikk). Desse sakene er såleis ikkje kome til handsaming i kommunestyret.

## **Saker som framleis er under arbeid:**

**KOM – 033/18, 23 mai 2018 , Stranda kommune – eigarskapsmelding.**

### **Vedtak: samrøystes**

1. Stranda kommune vedtek Eigarskapsmelding 2018 som bakgrunnsdokument for utforming av selskapsspesifikke eigarstrategiar for Stranda kommune sine selskap.
2. Dei strategiske problemstillingane 1-5, som vert formulert i dokumentet Eigarskapsmelding 2018 vert lagt til grunn for utforminga av Stranda kommune sine selskapsspesifikke eigarstrategiar.
3. Det skal snarleg utarbeidast eigarstrategiar for Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS, Byrg Kompetanse AS og Stranda Hamnevesen KF. Framlegg til eigarstrategi skal sendast på høyring til det respektive selskap før politisk handsaming av eigarstrategien.
4. Stranda kommune skal utarbeide eigarstrategiar på dei interkommunale selskapa kommunen er deltakar i som eiga sak.

Når det gjelde punkt 4, så er det berre utarbeidd eigarskapsmelding for Stranda hamnevesen KF. Ny kommunelov (2018)kapittel 26 –1, pålegg kommunane å minst ein gong i valperioden utarbeide eigarskapsmelding.

Dette er eit vedtak som ikkje er gjennomført fullt ut. Vi har hatt eit oppstartsmøte med Byrg AS og skal gjennomføre tilsvarande med dei andre selskapa. Målet er å få utarbeidd eigarskapsmelding for alle selskap innan fyrste halvdel av 2022.

## **KOM – 119/18, 14 desember 2018, Stranda kommune - Budsjett 2019/Økonomiplan 2019 – 2022**

### **FRAMLEGG UNDER MØTET – omforeint og samrøystes**

Framlegg frå Ann Kristin Langeland, Sp Endra framlegg til verbalframlegg (omforeint)

Kommunestyret ber om at det vert førebudd ei sak, som omhandlar kostnadane ved ei omlegging til servering av fersk middag ved alle omsorgssenter/sjukeheimar i kommunen. Dette inneber også fersk middag i matomberingstilbodet. Her må ein ta med kostnader knytt til oppgradering av eksisterande kjøkken til dagens standard, stillingsbehov og endringar i utgifter til matombringning. Vi ynskjer også ein dokumentasjon og oversikt over dagens drift av det kommunale storkjøkkenet.

Tidlegare korrespondanse i saka:

Rådmannen svarer spørsmålsstillar skriftleg 25.11.2019 ·

Notat frå kommunalsjef helse og omsorg til formannskap og kommunestyre 26.11.2019

Rådmannen sende i desember 2019 førespurnad til Agenda Kaupang: Bistand til saksutredning «Matservering og matombering pleie- og omsorgstenesta i kommunen». · Rådmannen orienterer formannskapet 20. januar 2020 om tilbodet frå Agenda Kaupang. Eit samla formannskap meinte dette var for dyrt og at administrasjonen skulle arbeide med saka sjølve.


Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe som har bestått av kjøkkensjef, fagleiar, einingsleiar og kommunalsjef. Arbeidsgruppa har vurdert ulike løysingar i lys av verbalframlegget om kjøkkendrift i Stranda kommune. Saka har vore til politisk handsaming i HOK 05.05.2021. Saka vart sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing på nokre spørsmål som dei ynskte å få svart ut. Dette arbeider denne gruppa med no.

## **KOM – 021/19, 21.03.2019**

### **Framlegg under møtet Framlegg frå FrP v/Frank Sve: samrøystes**

Kommunestyret ber administrasjonen utgreie muligheita for å løyse inn resten av nødvendig areal i planen, i retning mot framtidig tunellpåhogget for tunell Hole Engeset inkl behov for vegtrase utanom planen.

Kartutsnittet under viser gjeldande regulering. Kommunen kjøpte i denne saka arealet med motorkross og den delen av industriformål i yttersving mot Svemorka. Det er ikkje gjort noko for å kjøpe meir areal som ligg inne i denne planen – det vil gjelde areal til industriformål. Naudsynt vegareal i samband med tunnel er truleg for tidleg å kjøpe areal til då det ikkje er vedteke reguleringsplan som syner nøyaktig plassering. Ein kan sjølv sagt kjøpe det ein trur er aktuelt areal – men ein risikerer mykje motbør og kanskje site att med areal ein ikkje treng. Svaret er at vi ikkje har gjort noko med tanke på grunnkjøp i påvente av vedtak i reguleringsplan med tunnellinnslag/vegframføring.



#### KOM- 051/19, 26.06.2019

Framlegg under møtet Framlegg frå SP v/Egil Røyrhus Sunnylven Omsorgssenter får 350 000.- av rekneskapsmessige mindreforbruk for 2018 til prosjekt " Sansehage " Oversendingsframlegg til formannskapet – **Samrøystes**

Det var sett av midlar i investeringsbudsjett for 2019, men teke bort ved endeleg handsaming av budsjettet.

Dette har vore ei sak som har vore arbeidd med frå fleire hald, både pårørandegruppe ved omsorgssenteret, pensjonistlaget, einskildpersonar og dei tilsette. Utfordringa har vore at ein ikkje har klart å einast om det skal vere trivselshage eller sansehage. No er det sett ned ei arbeidsgruppe som arbeider for å få på plass ein trivselshage. Pensjonistlaget har fått eksterne midlar, det er leigd inn ein arkitekt og no er arbeidet godt i gang og i god dialog med kommunen.

#### KOM – 034/19, 18.12.2019

Framlegg frå Jostein Dalen:

Kommunestyret bed rådmannen fremje eiga sak der ein vurderer driftsområda Pleie og omsorg, Habilitering/rehabilitering og Sosialtenesta, for m.a. mogleg samhandling og samdrift som både kan styrke dei ulike tenestene og samstundes rasjonalisere drifta.

**Vedtak Samrøystes**

Framlegg under møtet frå Frank Sve:

- Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak ang mulig økonomisk støtte til den nye fleir brukshallen på Stranda og flerbruksanlegget i Hytteholha, med hovudgrunnlag for bruk av investeringsmidlar ved eventuell kommunal eigardel i anlegga.

**Vedtak samrøystes**

Saka har av ulike årsaker hatt lite framdrift, og saka har ikkje kome lenger. Ein av grunnane til det er at Stranda IL ikkje har tatt stilling til kva rolle dei ynskjer kommunen skal ha inn i den nye hallen. Det må takast stilling til om kommunen skal eige heile eller deler av dette prosjektet? Skal det vere driftstilskot? Driftsmodell er avgjerande for korleis kommunen kan gå inn med finansiering (investering eller drift) Ein anna årsak til at det har stoppa opp, er at økonomisjef som var valt inn i arbeidsgruppa formannskapet sette ned slutta i stillinga februar 2020. Dåverande økonomisjef hadde ei nøkkelrolle i denne arbeidsgruppa. Koronaen kom i mars 2020 og andre arbeidsoppgåver fekk prioritert. Status i dag er at idrettslaget har teke initiativ til eit møte med kommunen og den arbeidsgruppa som no skal føre arbeidet vidare med storhall i Stranda.

Når det gjelde fleirbruksanlegg i Hytteholha, så er det ferdigstilt på dugnad av bygdefolket. Det er ikkje sett av midlar til økonomisk støtte.

- Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak for kommunestyret ang. plan for bygging og dimensjonering av omsorgstenester og "nye Solbakken" så raskt som råd.

### **Vedtak samrøyses**

Det er orientert om at dette vedtaket må sjåast i lys rapporten om framtidig dimensjonering av pleie og omsorg i Stranda kommune.

- Kommunestyret ber rådmannen legge fram eiga sak ang. situasjonen ved Ringstad skule. Skulen treng omfattande vedlikehald og ein plan for renovering eller nybygg må takast fatt i snarast.

### **Vedtak samrøystes.**

Areal med tanke på grunnskule ( offentleg formål) er lagt inn i arealplanen ved Stranda vidaregåande skule.

Det er gjennomført eit anbod om ein tilstandsrapport for Ringstad skule. Det var synfaring 10 mai.

**Til dagsorden i kommunestyremøte 29.01.2020**, stiller kommunestyrerrepresentant Frank Sve spørsmål: Stranda vidaregåande skule og framtid.

Ønskjer at rektor vert invitert til eit kommunestyremøte Ugt entreprenørskap bør inviterast til orientering og presentasjon av produkt.

På grunn av restriksjonar som følgje av Covid 19, er dette sett på vent. Dei vil få ein invitasjon når vi opnar for fysiske møter.

**Til dagsorden i kommunestyremøte 24.06.2020 stiller kom. representant Frank Sve spørsmål om:**

- 12-timersvakter i pleie og omsorg - Rådmann orienterte orienterte om prosessen som har vore.
- Ønskjer drøfting og tilbakemelding om arbeidsmiljøet i administrasjonen.
- Fullmakt til formannskapet for å gjennomføre medarbeidersamtale med rådmannen. Medarbeidarsamtalen skal gjennomført innan 1. august.

### **Samrøystes**

Det er gjennomført medarbeidarsamtale med rådmann 12 april 2021.

**KOM- 055/20, 26.08.2020**

Framlegg under møtet frå Svein Lunde ved handsaming av Ruspolitisk handlingsplan:

Framlegg til tilleggspunkt under pkt 5.2: Rusmiddelinformasjon til Leiarane i barne og ungdomsorganisasjonane og idrettslag, for å styrke kunnskapen om rusutfordringane.

### **Samrøystes**

Dette er lagt inn som eit tiltak i Folkehelseoversikten for Stranda kommune 2020 – 2024, og vil bli gjennomført i hht vedtaket.

### **KOM – 070/20, 23.09.2020**

#### **Møtebehandling :Vedtak 24 mot 1 røyst**

##### Framtidige pleie og omsorgstjenester i Stranda kommune:

1. Stranda kommune legg til grunn at Solbakken omsorgssenter skal takast ut av omsorgstjenestene i Stranda, og erstattast med nybygg jamf tidligare vedtak.
2. Stranda kommune legg til grunn at det skal byggjast ny sjukeheim med somatisk/demens avdelingar samt korttidsplasser og med KAD-seng med inntil 40 plassar.
3. Stranda kommune legg til grunn ombygging av dagens sjukeheim/omsorgssenter på Lånamarka til demenssenter/ omsorgsbustader med døgnbemannet pleie og bufellesskap.
4. Sjukeheimsplassane i Sunnylven og tilboden i Geiranger vert å vurdere i samband med ein gjennomgang av tilboden for demente. Dette må sjåaste i samanheng med basefunksjonar for heimetenestene i Sunnylven og Geiranger og den bygningsmessige kapasiteten.
5. Stranda kommune legg til grunn at heimesjukepleien og heimehjelp blir styrka jamf konklusjonane i saka. Dette må synast igjen i rådmannen sine framtidige budsjett.

KOM -034/19, blir omtalt i samanheng med denne saka, og det har vore ein svært krevjande og lang prosess. Status i dag er at kommunen har sendt ut ein førespurnad til tre ulike firma om bistand til gjennomføring av kommunestyrevedtak 070/20. Kommunen har verken kapasitet eller kompetanse til å gjennomføre tiltak i tråd med vedtaket. Kommunen ynskjer ei 50 % prosjektleiarstilling i eitt år. Alle tre har levert inn tilbod og kommunen helde på og vurdere kven som skal få oppdraget. Målet er å ha på plass ein prosjektleiar og få gjennomført eit oppstartsmøte innan veke 27.

### **Vurdering**

For at politiske vedtak skal bli følgt opp på ein god måte, er kommunen avhengig av gode system og prosessar som både ivaretake ein oversikt som synleggjer kven har ansvar for kva, realisme i forventningar, og ivaretaking av at administrasjonen har tilstrekkeleg informasjon rundt prosessen fram til og i sjølve vedtaket.

Rådmann vil i framtida legge fram sak om oppfølging av kommunestyresaker innan 1 mars kvart år for føregående år.

## STRANDA KOMMUNE SAKSPAPIR

### SAKSGANG

| Styre, råd, utval | Møte dato  | Saknr  |
|-------------------|------------|--------|
| FORMANNSKAPET     | 21.06.2021 | 056/21 |
| KOMMUNESTYRET     | 23.06.2021 | 042/21 |

**Saksansvarleg:** Rådmann Åse Elin Hole

**Saksbehandlar:** Andrea Fivelstad

**Arkiv:** K1 - 151

**Arkivsaknr** 21/662

### Tertialrapport 1. tertial 2021

#### Rådmannen si tilråding:

Stranda kommune tek tertialrapporten for 1. tertial til vitande.

Budsjetttrammene som kjem fram av vedlegget under avsnittet budsjettendring, i tabell, og kolonnen «Revidert budsjett» vert vedtatt som nye rammer til einingane/skatt, rammetilskudd og finans.

### 21.06.2021 FORMANNSKAPET

#### Møtebehandling

#### Tilråding til kommunestyret samrøystes

#### FOR- 056/21 Vedtak:

Stranda kommune tek tertialrapporten for 1. tertial til vitande.

### SAKSUTGREIING

#### Bakgrunn for saka

**Kommunelova, §14-5 3. ledd:** Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

#### Saksopplysningar

For å balansere revidert årsbudsjett, foreslår rådmannen at «Revidert budsjett» vert nye budsjetttrammer for einingane. Nye budsjetttrammer er balansert ut med auka tilskot som gjeld Corona-utgifter for 2021 med kr 1 848 000 i tillegg til det som kjem fram av KS prognosemodell. For meir informasjon om det

som allereide er inkludert i KS prognoemobell, sjå ansvar 8010.

Formålet med denne budsjettendringa no er å skape ro i organisasjonen for å arbeide konsentrert om nedtrekk på rammene frå budsjettåret 2022 og vidare i økonomiplan-perioden.

For nokre av investeringsprosjekta var det i vedtatte budsjett ved ein incurie brukta feil prosjektnummer. I denne rapporten er dette korrigert.

### **Vurdering**

Det er usikkerheit på pensjonskostnaden, sum skatt og rammetilskot – og spesielt kor mykje kommunen får som kompensasjon for utgifter i samband med Corona-pandemien. Disse utgiftene er det gitt eit beste estimat på.

### **Vedlegg:**

**Dok.datos:**  
16.06.2021

**Vedlegg:**  
20210614 TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL  
2021

**Dok.ID**  
304926

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

Kommunelova, §14-5 3. ledd

**STRANDA KOMMUNE**

-tíl å vere stolt av



**TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL  
2021**

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| DRIFT .....   | 4  |
| Budsjettendring 2021 .....  | 4  |
| Kommentar frå einingane .....                                       | 6  |
| 1010 Politisk leiing .....  | 6  |
| 1011 Rådmannskontoret .....   | 6  |
| 1020 Økonomiavdelinga .....   | 6  |
| 1021 Personalavdelinga .....  | 7  |
| 1022 FAG .....  | 7  |
| 1023 IKT .....  | 7  |
| 1030 Servicekontor .....  | 7  |
| Ansvar 1040 Lønnspott .....   | 7  |
| 2010 Ringstad skule .....   | 7  |
| 2020 Sunnylven skule .....  | 7  |
| 2030 Geiranger skule og barnehage .....                             | 8  |
| 2040 Liabygda skule og barnehage .....                              | 8  |
| 2050 Helstad Barnehage .....  | 8  |
| 2060 Stranda ungdomsskule og voksenopplæring .....                  | 8  |
| 2110 Ringstad barnehage .....                                       | 9  |
| 2120 Sunnylven barnehage .....                                      | 9  |
| 2200 PP-kontoret .....  | 9  |
| 3010 Stranda distrikt – heimetenestene .....                        | 9  |
| 3011 Stranda distrikt – sjukeheimen .....                           | 9  |
| 3012 Stranda distrikt – Solbakken .....                             | 9  |
| 3014 Stranda distrikt – Liabygda .....                              | 9  |
| 3015 Stranda distrikt – brukerstyrt personleg assistent (BPA) ..... | 9  |
| 3016 Kjøkkenet .....  | 10 |
| 3017 Stranda distrikt – dagsenteret .....                           | 10 |
| 3020 Sunnylven distrikt .....                                       | 10 |
| 3030 Geiranger distrikt .....                                       | 10 |
| 3040 Møregata/bukkollektiv .....                                    | 10 |
| 3041 Nymarkvegen .....  | 10 |
| 3042 Psykiatrisks dagsenter .....                                   | 10 |
| 3043 Avlastningsbustad .....  | 10 |
| 3050 Helsetenesta .....   | 11 |
| 3060 Sosialtenesta .....  | 11 |

|  |    |
|--|----|
| 3070 NAV.....  | 11 |
| 4010 Kulturskulen.....                                     | 11 |
| 4011 Biblioteket .....                                     | 11 |
| 4012 Kultur/idrett 5010 Plan, miljø, næring .....          | 11 |
| 6010 Kommunaltekniskk;brannvern 7010 Vaktmestertenest..... | 11 |
| 7030 Hus til utleige.....                                  | 11 |
| 8010.....  | 11 |
| 9010 Renter og avdrag .....                                | 12 |
| Økonomisk oversikt drift .....                             | 13 |
| <br>Investeringar – oversikt investeringsprosjekta .....   | 14 |
| Kommentar frå einingsleiarane - investeringar .....        | 16 |
| Bevilgningsoversikt investering .....                      | 18 |

## DRIFT

### *Innleiing*

Etter at einingsleiarane har laga sine prognosar, har rådmannen korrigert for utgifter til påløpt lønn i desember 2020, som vart tilbakeført 14.6.2021, på rekneskapsperioden januar 2021. Dette utgjer reduserte lønnskostnadene hittil i år med kr 3,8 mill kroner. Denne korrigeringa er innarbeida i tabellen nedanfor, med konsekvensen at eininsleiarane sine prognosener er oppdaterte.

### Budsjettendring 2021

For å balansere revidert årsbudsjett, foreslår rådmannen at «Revidert budsjett» vert nye budsjettrammer for einingane. Nye budsjettrammer er balansert ut med auka tilskot som gjeld Corona-utgifter for 2021 med kr 1 848 000 i tillegg til det som kjem fram av KS prognosemodell. For meir informasjon om det som allereide er inkludert i KS prognosemodell, sjå ansvar 8010.

Formålet med denne budsjettendringa no er å skape ro i organisasjonen for å arbeide konsentrert om nedtrekk på rammene frå budsjettåret 2022 og vidare i økonomiplan-perioden.

| Tal i heile 1000 kroner<br>Tertiärekneskap drift 30.04.2021 | Rekneskap<br>jan-apr<br>2020 | Rekneskap<br>jan-apr<br>2021 | Års-<br>budsjett<br>2021 | Endra<br>prognose<br>einings-<br>leiarar | Korr. for<br>tilb. ført<br>påløpt<br>lønn -20<br>R.tilskot | Endring<br>Prognose<br>2021 | Revidert<br>budsjett<br>2021 |
|---|------------------------------|------------------------------|--------------------------|--|--|-----------------------------|------------------------------|
| <b>ALLE</b>   | <b>116 558</b>               | <b>115 847</b>               | <b>291 238</b>           | <b>5 645</b>                             | <b>-3800</b>   | <b>1 845</b>                | <b>293 083</b>               |
| POLITISK LEIING   | 1 250                        | 1 064                        | 4 301                    | 0  | -9   | -9                          | 4 292                        |
| RÄDMANNSKONTOR  | 8 007                        | 6 649                        | 6 749                    | 0  | 0  | 0                           | 6 749                        |
| ØKONOMIAVDELING   | 1 226                        | 1 600                        | 1 749                    | 100                                      | 0  | 100                         | 1 849                        |
| PERSONALAVDELING  | 1 150                        | 1 230                        | 3 791                    | -100                                     | 8  | -92                         | 3 699                        |
| FAG   | 7 168                        | 6 701                        | 19 714                   | 0  | -3   | -3                          | 19 711                       |
| IKT   | 3 844                        | 3 054                        | 5 971                    | 0  | 0  | 0                           | 5 971                        |
| SERVICEKONTOR   | 1 193                        | 1 183                        | 2 853                    | 0  | -1   | -1                          | 2 852                        |
| LØNNSPOTT   | 0                            | 0                            | 3 039                    | 1 200                                    | 0  | 1 200                       | 4 239                        |
| Sum sentraladm./fellestenester                              | 23 838                       | 21 482                       | 48 166                   | 1 200                                    | -5   | 1 195                       | 49 361                       |
| RINGSTAD SKULE  | 12 349                       | 12 000                       | 31 185                   | 92                                       | -217   | -125                        | 31 060                       |
| SUNNYLVEN SKULE   | 3 506                        | 3 457                        | 10 224                   | 70                                       | 0  | 70                          | 10 294                       |
| GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE                                | 1 992                        | 2 391                        | 6 167                    | 127                                      | -13  | 114                         | 6 281                        |
| LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE                                 | 689                          | 355                          | 1 154                    | 222                                      | 6  | 228                         | 1 382                        |
| HELSTAD BARNEHAGE   | 1 576                        | 1 369                        | 4 113                    | 349                                      | 3  | 352                         | 4 465                        |
| STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPL.                         | 6 083                        | 5 830                        | 17 509                   | -86                                      | -12  | -98                         | 17 412                       |
| RINGSTAD BARNEHAGE  | 2 883                        | 2 899                        | 8 211                    | 166                                      | -42  | 124                         | 8 335                        |
| SUNNYLVEN BARNEHAGE   | 1 373                        | 1 532                        | 4 209                    | 108                                      | -7   | 101                         | 4 310                        |
| PP-KONTORET   | 953                          | 983                          | 1 982                    | 418                                      | -1   | 416                         | 2 398                        |
| Sum oppvekst  | 31 404                       | 30 816                       | 84 755                   | 1 466                                    | -284   | 1 182                       | 85 937                       |
| STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE                           | 3 108                        | 3 534                        | 10 052                   | 512                                      | -190   | 322                         | 10 374                       |
| STRANDA DISTRIKT - SJUKEHEIMEN                              | 10 193                       | 11 343                       | 29 449                   | 1 000                                    | -1134  | -134                        | 29 315                       |
